

# Bli med på



Til deg som går i  
tredje klasse!

**Laurdag 18. november og  
søndag 19. november 2017**  
inviterer me **deg** til å vera med på  
Tårnagenthelg  
i **Sand kyrkje og bedehus**

Denne helga er tredje-klassingar  
i heile Suldal kommune  
inviterte til å vera Tårnagentar

Dette er ein del av  
kyrkja si trusopplæring i Suldal





## **Kyrkjetårn, oppdrag og mysterium**

Tårnagentar får "oppdrag" som skal utførast og mysterium som skal løysast.

Har du lyst å gå på skattejakt i kyrkja og i tårnet?

Lurer du på kva slags mysterium du finn i Bibelen?

Veit du at det står noko utanpå alle kyrkjeklokkene i landet?

På søndagen er oppdraget å delta på Tårnagent-gudstenesta, og dei andre som kjem på gudsteneste skal få vita litt om kva me har funne ut dagen før.

Det kostar ingenting å delta. Agentane bur heime, men vil vera saman både laurdag og søndag.

Det blir servert «agent-mat»

Møt opp i Sand kyrkje **laurdag 18. november kl 11.30.**

Me held på til ca 16.30.

**Søndag kl 10.30 møtest** me igjen og øver til gudsteneste. Det er **tårnagentgudsteneste kl 11.00.** Etterpå er det kyrkjekaffi/saft.

**Til føresette** til 3.- klassingane, besteforeldre eller andre:

Vil de vera "**Englevakter**"? Ei Englevakt er ein medhjelpar; ein som følgjer ei gruppe barn rundt på oppdrag eller sit på ein oppdragspost, passar på agentane i tårnet og på galleriet, så det blir trygt 😊, og hjelper til med praktiske ting.

(dei fleste deltakarane treng jo uansett skyss til og frå Sand kyrkje, så då kan jo sjåføren like godt bli med agentane på oppdrag 😊)

Nokon av dykk blir kanskje spurt på førehand om små eller større "spesialoppdrag", elles får de beskjed om kven som gjer kva når de kjem på laurdagen.

Helsing frå oss i Erfjord, Jelsa, Suldal, og Sand kyrkjelyd

**Namn på "sjefsagent": Turid Børtveit Skjelstad**

E-post: [turid@suldal-kyrkje.no](mailto:turid@suldal-kyrkje.no)

Telefon: 52790203

Mobil: 98437273



## Påmelding



for agentar og englevakter  
**innan fredag 27. oktober**

(men meld deg like godt på med ein gong, så du huskar det 😊)

Det er best om du melder deg på **via nettsida**

[www.suldal.kyrkja.no](http://www.suldal.kyrkja.no)

Får du det ikkje til kan du senda opplysningane på e-post eller ringa til kyrkjekontoret (Sjå kontakt-info forrige side)

**Husk uansett å få med alle opplysningane !**

### Informasjon ved påmelding:

Namn på agent.

Adresse.

Me ynskjer òg å vita om du har matallergi eller om du treng spesiell tilrettelegging av noko slag.

Namn føresett 1:

Mobil

E-post

Kan vera englevakt: JA / NEI


Eventuelt:

Namn føresett 2:

Mobil

E-post

Kan vera englevakt: JA / NEI



Info til heimane:

«Å høyra til»

## Trusopplæring i kyrkja i Suldal



Å høyra til ein stad er svært viktig for alle menneske. Barnet høyrer, frå fødselen av, til i familien, i ei bygd i Suldal kommune, i Noreg....

Er barnet døypt, blei det sagt ved døypefonten at det òg høyrer til Jesus Kristus. Samtidig blei det medlem i Den norske kyrkja. Me vil at barnet skal få kjenna at det høyrer til i kyrkja si i Suldal og at det skal bli kjend med Jesus, som det blei døypt til, slik at det kan bli verande i trua på han.

Det barnet lærer om tru heime, er det som betyr aller mest. Men fadrar og kyrkjelyd blei på dåpsdagen gitt eit ansvar for å stå saman med heimen om formidlingsoppgåva.

Tårnagenthelga er eit av tilboda kyrkja gir.

Trusopplæringa i kyrkjene våre inkluderer også barn som ikkje er døypte. Dei som står i kyrkja sitt medlemsregister fordi minst ein av foreldra er medlem, får automatisk invitasjon. Men andre er òg velkomne dersom dei føresette ynskjer det!

### Dette kan me tilby i kyrkja i Suldal:

**Frå nyfødd til fylt 1 år:** Babysong

**1, 2 og 3 år:** Gåve til dåpsdagen

**3 år:** «Krøllekveld»; ei samling i kyrkja

**4 år:** 4-årssamling i kyrkja og utdeling av 4-årsbok i ei gudsteneste

**5 år:** Gåve til dåpsdagen

**6 år:** Utdeling av 6-årsboka «Tre i eit tre» i ei gudsteneste

**6 eller 7 år:** Dåpsskule i løpet av 1. eller 2. klasse

**8 eller 9 år:** Tårnagenthelg for 3. klassingar

**10 eller 11 år:** Utdeling av «Bibelen – ei vandring gjennom den store forteljinga» i ei gudsteneste.

**11 år:** 5.-klasseleir på Furutangen leirstad på Randøy

**14-15 år:** Konfirmasjonsførebuing og konfirmasjon

Kyrkja sitt tilbod går berre over ein dag, ei helg eller ein kort periode. Meir regelmessig trusopplæring kan barnet få i eit av dei mange kristne barnelaga i Suldalsbygdene. Me vil oppfordra til at barnet får vera med der, f.eks, i speidaren, søndagsskulen eller onsdagsklubben, gute- eller jentelaget, yngres, Barnerøyster.....